

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Randi Helene Hilland	FE - 016	16/546

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
03/2016	Valstyret	PS	02.03.2016

## Fastsetjing av tid og stad for utlegging av manntal

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Etter vedtak i kommunestyret 10.02.16 om at det skal haldast folkerøysting om kommunestruktur vart det sendt tinging til Skatt Vest om utskriving av manntal.

Det vart tinga alfabetisk utleggingsmanntal for personar fødd til og med år 2000. Skjæringsdato vert sett til 01.03.16 for å få med flest mogeleg tilflyttarar.

Valstyret skal leggje manntalet til offentleg ettersyn så snart det let seg gjere. Manntalet skal liggje ute til og med dagen for folkerøysting.

Valstyret skal kunngjere tid og stad for utlegging av manntal og opplyse om adgangen til og framgangsmåten for å krevje feilen retta.

Rådmann har delegert til valstyret å vurdere utsending av valkort. Ved kommune- og fylkestingsvalet og stortingsvalet er valstyret pålagt å sørge for at det vert sendt ut valkort til alle med røysterett i kommunen. Ved folkerøysting er det usikkert om ein er pålagt å sende ut valkort. Administrasjonen har teke kontakt med fylkesmannen og kommunal og moderniseringsdepartementet og avventar svar på dette.

Dersom ein skal sende ut valkort inneber det ein stor kostnad, både trykking av valkort og ikkje minst portoutgifter.

### Vurdering

Folkehelse  
Miljø  
Økonomi

### Konklusjon

**Framlegg til vedtak:**

«Valstyret godkjenner at manntal for alle krinsane vert lagt ut på følgjande stader:

Rådhuset på Frekhaug  
Frekhaug Bibliotek  
Rossland Bibliotek

Manntalet skal leggjast ut til offentleg ettersyn så snart det let seg gjere og skal ligge ute til og med dagen for folkerøysting.»

**Valstyret - 03/2016****VS - behandling:****VS - vedtak:**

«Valstyret godkjenner at manntal for alle krinsane vert lagt ut på følgjande stader:

Rådhuset på Frekhaug  
Frekhaug Bibliotek  
Rossland Bibliotek

Manntalet skal leggjast ut til offentleg ettersyn så snart det let seg gjere og skal ligge ute til og med dagen for folkerøysting.»